



Reiner Strauss frå Düsseldorf - fornøgd turist i Uskedalen i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har i det siste vore litt uvisst med vidareføring av Dislogforumet til Uskedal Utvikling, som hadde jevnlege møte.

UU-styret freister å finna personar som kan vera med i ei arbeidsgruppe. I påvente av ei løysing blir det møte om sommaren som kjem - i Gamleskulen onsdag 24. mars klokka 19, opplyser prosjektleiar Kristian Bringedal.

Det er arbeidsgruppa for turisme, marknadsføring og profilering som kaller inn og i møtet vil ein ha fokus på Sommarbygda Uskedalen og tiltak til sommaren.

Spørjundersøkinga som vart gjennomført i fjor skal vidareførast og ein skal drøfta tiltak med bakgrunn av spørjemarket for 2009.

Satsing på sommarmagasinet til Prinfo media blir ei anna aktuell sak og engasjement av ein eventuell sommarvert ei tredje.

Det vil bli lagt fram oversikt over større arrangement.

Ellers oppmodar Bringedal interesserte om å ta opp og melda inn aktuelle saker. Møtet er sjølv sagt ope for alle, men det er særleg viktig at alle som driv innan turisme, reiseliv, friluftsliv, handel,, camping og båtlag møter fram.